

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Ålesund Sjukehus - Adm. bygg Stornhornet

**Dato:** 29.01.2024

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:15

### Til stades:

Namn

- |                          |                             |
|--------------------------|-----------------------------|
| 1. Paula Næss Skår       | Leiar                       |
| 2. Janne Remøy Endresen  | Nestleiar                   |
| 3. Per Sigbjørn Øvermo   | Medlem                      |
| 4. Lasse Honningsvåg     | Medlem                      |
| 5. Kai Knutsen Sivertsen | Medlem                      |
| 6. Atle Tangen           | Medlem                      |
| 7. Brit Harsem           | Medlem                      |
| 8. Evy Svanemslie        | Medlem                      |
| 9. Bjørn Aske            | Medlem                      |
| 10. Oddrun Nasvik        | Medlem                      |
| 11. Liv Johanne Ekornes  | 1. vara møtt som observatør |

### Ikkje møtt:

Namn

- |                  |         |
|------------------|---------|
| Ann Helene Skare | 2. vara |
| Benjamin Vågen   | 3. vara |

### Frå administrasjonen møtte:

Namn

- |                     |  |
|---------------------|--|
| Ingrid Fiskerstrand | Stilling<br>Sekretær i Brukarutvalet HMR |
|---------------------|--|

### Merknad i møte:

Dagens møte var fyrste møte for Brukarutvalet HMR 2024-2025.

Dei tre varamedlemmane var invitert til møtet som observatørar. Målet var at de skulle bli kjend med dei andre brukarane og samstundes få nyttig informasjon til brukararbeidet.

## SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
2/24	Orientering frå administrerende direktør
3/24	Orientering frå kommunikasjon- og samhandlingsdirektør
4/24	Status Helseplattformen
5/24	Digitale helsetenester HMR Nær
6/24	Utlevering av Ipad og brukaropplæring
7/24	Mottak av nye medlemar til Brukarutvalet HMR
8/24	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
9/24	Oppnemning til råd og utval
10/24	Referatsaker
11/24	Årsrapport 2023 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal

### 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 1/2024 i møte den 29.01.2024

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

### 2/24 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 2/2024 i møte den 29.01.2024

#### Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk ei orientering frå administrerende direktør Olav Lødemel om mellom anna desse sakene:

Kort gjennomgang av **Budsjett 2024** som skal leggjast fram for styret 31.01.24

Prosjekt **SNR-Sjukehuset Nordmøre og Romsdal** er i rute og framdrifta går som planlagt.

Endringar i prosjekt **AIO – Akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund Sjukehus** – Ulike alternative løysingar har vore utreda, og det alternativet som peikar seg ut er eit nybygg i vest. Bygget kan plasserast mot lågblokka i vest

**PETSCAN** – Pr. i dag er det ikkje rom i budsjettet til å etablere fast plass for PetScan. Det jobbast med å finne løysingar.

Avtale om kjøp av **private tenester innan psykisk helse og rus** vart inngått for 2 år frå 2022 til sommaren 2024. Avtalen blir ikkje forlenga. Helse Møre og Romsdal ønskjer å bygge opp eige tilbod med robuste og store fagmiljø. (Informasjon frå klinikksjef for psykisk helse og rus Ståle Hoff)

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerende direktør Olav Lødemel og klinikksjef for psykisk helse og rus, Ståle Hoff, til vitende.

### 3/24 Orientering frå kommunikasjon- og samhandlingsdirektør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 3/2024 i møte den 29.01.2024

#### Behandling

Kommunikasjon- og samhandlingsdirektør May-Helen Molvær Grimstad tok ein helsingsrunde i det nye Brukarutvalet HMR 2024-2025.

Ho prata med brukarane om det å være brukarrepresentant og forventningar Helse Møre og Romsdal har til arbeidet brukarane skal utføre, samt korleis dei skal handtere spørsmål frå omgjevnader og eventuelt media.

Leiar	Paula Næss Skår	Pensjonistforbundet
Nestleiar	Janne Remøy Endresen	SAFO/NFU (Norsk forbund for Utviklingshemma)
Medlem	Per Sigbjørn Øvermo	Pensjonistforbundet
Medlem	Lasse Honningsvåg	FFO/Mental Helse
Medlem	Kai Knutsen Sivertsen	RIO - En landsdekkende brukerorganisasjon på rusfeltet
Medlem	Atle Tangen	FFO/Landsforeningen for lunge- og hjertesyrke
Medlem	Brit Harsem	FFO/Norilco
Medlem	Evy Svanemslis	FFO/Ryggforeningen
Medlem	Oddrun Stensø Nasvik	FFO/Norsk Revmatikerforbund - NRF
Medlem	Bjørn Aske	Kreftforeningen
<b>VARA</b>		
Vara 1	Liv Johanne Ekornes	FFO/Mental Helse
Vara 2	Ann Helene Skare (fråvær)	Kreftforeningen
Vara 3	Benjamin Vågen (fråvær)	Ungdomsrådet HMR

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå kommunikasjon- og samhandlingsdirektør May Helen Molvær Grimstad til vitende.

### 4/24 Status Helseplattformen

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 4/2024 i møte den 29.01.2024

#### Behandling

Statusoppdatering om prosessen rundt innføring av Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal frå direktør for E-helse og teknologi Helge Storøy.

Kort status om framdrifta i føretaket og om risikoarbeidet. I styremøta framover blir det løypande orientering om: Løysinga, Innføringsprosjektet og drift.

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status Helseplattformen til vitende

## 5/24 Digitale helsetenester HMR Nær

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 5/2024 i møte den 29.01.2024

### Behandling

Presentasjon av HMR NÆR - Behovstyrte helsetenester, frå IKT-sjef Odd Arne Maridal og kvalitetsrådgjever Unni Arnestad. Lenke: [Digitale Helsetenester HMR Nær](#)

«Vi flytter helsetenestene nærare pasientane. I Helse Møre og Romsdal ønsker vi ved hjelp av teknologi, å tilby heile eller delar av behandling og oppfølging der du er. Det betyr at du slepp å reise til sjukehuset og kan få nødvendig oppfølging i eigen heim»

Dersom ein følgjer lenka kjem ein også til oversikt over dei digitale helsetenestene som Helse Møre og Romsdal tilbyr.

### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek presentasjonen HMR NÆR til vitende, og synes dette er eit interessant tema som dei ønskjer å høyre meir om. Det er viktig å spreie informasjon ut i dei ulike i brukarorganisasjonane om kva Helse Møre og Romsdal kan tilby innan behovsstyrte helsetenester.

Brukarutvalet HMR ønsker også å foreslå digitale helsetenester inn i statusrapporteringa i styremøta framover. Brukarutvalet ønskjer meir informasjon om temaet i møta sine, og vil vurdere dette som eit mogleg tema til seminaret etter sommaren.

## 6/24 Utlevering av Ipad og brukaropplæring

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 6/2024 i møte den 29.01.2024

### Behandling

Brukarane fekk utdelt Ipad, men kom ikkje heilt i mål med oppstart og bruk av Ipad. Hemit var tilstade i møtet, men fekk dessverre ikkje gjennomført det som var bestilt og planlagt.

Vidare arbeid i neste brukarutvalsmøte den 4. mars 2024.

### Vedtak

Ingen vedtak

## 7/24 Mottak av nye medlemmar til Brukarutvalet HMR

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 7/2024 i møte den 29.01.2024

### Behandling

Som ein del av brukaropplæringa vart det informert om følgjande:

- [Styringsadministrasjonen HMR](#)
- [Administrative dokumenter for medlemmer - Alle dokumenter \(helse-midt.no\)](#)
- [Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal](#)
- [Administrative dokumenter for medlemmer](#)
- [Styreadministrasjonen Helse Møre og Romsdal](#)
- [Ungdomsrådet Helse Møre og Romsdal](#)

### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjonen til vitende

## 8/24 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukerutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 8/2024 i møte den 29.01.2024

### Behandling

	Namn	Deltatt
1	Skår, Paula Næss	14.11.2023 - Utvida samarbeidsmøte Helsefellesskapet 15.11.2023 - Styremøte HMR 16.11.2023 - Regional brukerkonferanse 17.11.2023 - Regional brukerkonferanse 22.11.2023 - Strategisk samarbeidsutvalg (SSU - Helsefellesskapet) 27.11.2023 - Brukerutvalg Helseplattformen (forslag til representanter) 29.11.2023 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 04.12.2023 - Fagl. samarbeidsutv. for kunnskapsoverf, forskning. Helsefelles. 05.12.2023 - Arbeidsmøte - skjema for oppnevning av brukerrepresentanter 05.12.2023 - Brukerutvalget HMR 07.12.2023 - Styremøte HMR 08.12.2023 - Brukerutvalget SNR 13.12.2023 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 18.12.2023 - Brukerutvalget HMR 20.12.2023 - Styremøte HMR 09.01.2024 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 11.01.2024 - Dagsmøte i arbeidsutvalget for BU 15.01.2024 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 17.01.2024 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 18.01.2024 - Forhandlingsutvalget (Helsefellesskapet) 24.01.2024 - Strategisk samarbeidsutvalg (SSU - Helsefellesskapet)
2	Janne Remøy Endresen	30.11.2023 - Faglig Samarbeidsutv. Barn & Unge. Teams 05.12.2023 - BU HMR. Teams 13.12.2023 - KEK, Vestnes. Fysisk 14.12.2023 - Faglig Samarbeidsutv. Barn & Unge. Fysisk 18.12.2023 - BU HMR. Teams 18.12.2023 - KDE. Teams 11.01.2024 - AU/BU Dagsmøte. Fysisk 16.01.2024 - AIO, Gruppeledermøte. Teams 16.01.2024 - INTACT – Forskningsprosjekt. Teams 24.01.2024 - KEK, Vestnes. Fysisk 26.01.2024 - AIO, Gruppeledermøte. Teams
6	Atle Tangen	08.12.2023 - Brukerutvalget SNR – Sjukehuset Nordmøre og Romsdal 14.12.2023 - Kvalitetsråd Prehospitale på Teams 18.12.2023 - Brukerutvalget HMR - møte ekstra på teams 24.01.2024 - KEK på Vestnes

### Vedtak

Ingen vedtak

## 9/24 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 9/2024 i møte den 29.01.2024

### Behandling

Forespørsel om oppnemning av brukarrepresentantar til følgjande:

**Førespurnad 1:** Forskingsprosjekt ved Klinikk Ålesund: Prosjektet er samarbeid mellom ortopedi og hjarte, Innhaldet er først og fremst relatert til hjartesyjukdom

**Førespurnad 2:** Innovasjonsprosjekt i avdeling for e-helse og teknologi: Brukarrepresentant frå Kreftforeningen som har god innsikt i lungekreftforløpet

**Førespurnad 3:** Innovasjonsprosjekt i avdeling for e-helse og teknologi: Prosjektet er knytt mot DMS i Kristiansund og 3 kommunar. Sårbehandling heime i samarbeid med heimetenesta i kommunen

**Førespurnad 4:** Innovasjonsprosjekt ved avdeling medisinsk mikrobiologi: Bruk av kunstig intelligens som verktøy i kvalitetsforbetring

**Førespurnad 5:** Klinikk for Kreftbehandling og rehabilitering. Behovsstyrt poliklinikk – Hud

**Førespurnad 6:** Klinikk for Kreftbehandling og rehabilitering. Stråleterapi – kunstig intelligens

**Førespurnad 7:** Klinisk etikk-komitear KEK. Ann Helen Skare skal byttes ut

**Førespurnad 8:** Klinisk etikk-komitear KEK. Anne Grete Mogstad skal byttes ut

### Vedtak

**Namn førespurnad 1:** Bjørn Aske

**Namn førespurnad 2:** Send omtale av prosjektet til Bjørn Aske. Førespurnad til Kreftforeningen

**Namn førespurnad 3:** Evy Svanemslis

**Namn førespurnad 4:** Oddrun Stensø Nasvik

**Namn førespurnad 5:** Send omtale av prosjektet til Bjørn Aske. Førespurnad til Kreftforeningen

**Namn førespurnad 6:** Send omtale av prosjektet til Bjørn Aske. Førespurnad til Kreftforeningen

**Namn førespurnad 7:** Lasse Honningsvåg. Erstattar Ann Helene Skare

**Namn førespurnad 8:** Per Øvermo. Erstattar Anne Grethe Mogstad

## **10/24 Referatsaker**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 10/2024 i møte den 29.01.2024

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har gjort seg kjent med følgende referat:

### **Behandling**

- Protokoll RBU 20.11.23
- Protokoll RBU 11.12.23
- Protokoll Brukarutvalet St. Olavs 14.11.2023
- Protokoll Brukarutvalet i HNT 09.11.2023
- Protokoll Brukarutvalet i HNT 12.12.2023
- Protokoll Sykehusapotekene 05.12.2023
- SNR - Referat møte med Brukarutvalet - 08.12.23
- SNR - Brukarutvalet 08.12.2023
- SNR - Status møte Brukarutvalet SNR 08.12.2023
- Signert Protokoll frå styremøte HMR 07.12.2023
- Signert Protokoll frå styremøte HMR 20.12.2023

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

## **11/24 Årsrapport 2023 - Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 11/2024 i møte den 29.01.2024

### **Behandling**

Vedlegg som følgde med saka:

- Årsrapport Brukarutvalet HMR 2023
- Brukarrepresentasjon i råd og utval 2022-2023

### **Vedtak**

Årsrapport 2023 for Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal vart vedtatt 29.01.2024